



Elisabeth Magdalena Toska  
Slupparmen 6  
4056 TANANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10319 - 20/50679

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
19.08.2020

## Dispensasjon og løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 443/14 Toska

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 825/20**  
**Tiltakshavar:**            Elisabeth Magdalena Toska  
**Søknadstype:**            Søknad dispensasjon  
   og søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå arealformålet i kommunedelplanen.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

**Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune får dispensasjonsvedtaket til klagevurdering**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gitt løyve til tiltak for oppføring av tilbygg til bustad og tilbygg til uthus på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 26.05.2020, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 2 terrassar med bygd areal (BYA) ca. 49 m<sup>2</sup> som tilbygg til fritidsbustad og tilbygg til uthus med bygd areal (BYA) ca. 28 m<sup>2</sup>.

Utnyttingsgrad er svært liten, då dette er ein landbrukseigedom. Huset har status som våningshus brukt som fritidsbustad i matrikkelen.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommunedelplanen. Det vert elles vist til søknad mottatt 26.05.2020.

### **Saksbehandlingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for behandling den 26.05.2020, og frist for Saksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato. Fristen er 18.08.2020.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Radøy er sett av til landbruks- natur- og friluftsområde( LNF).

### **Dispensasjon**

Tiltaket treng dispensasjon frå LNF-formålet i kommunedelplanen. Dispensasjonssøknaden er vedlagt.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

### **Nabovarsel - privatrettslege tilhøve**

Tiltaket er nabovarsla. Det har ikkje komme inn merknader.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 26.05.2020.

### **VURDERING:**

#### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompensere for ulemper dispensasjon kan medføre.

Omsyna bak LNF-formålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og annan grønstruktur.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak arealformålet og byggegrensa mot veg i plan ikkje vert vesentleg sett til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for.

Vidare er det administrasjonen si vurdering er at fordelane ved å gje dispensasjon frå arealformålet er klart større enn ulempene.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at dette er små tiltak på eksisterande bygg, som ikkje vil beslaglegga nye, store areal.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealformålet og byggegrensa mot veg i kommunedelplanen er oppfylt.

### **Plassering**

Plasseringa vert godkjent i samsvar med søknad.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknaden skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10319

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Søknad om bygging av altan, bod og fasadeendring - gbnr 443/14 Toska  
Dispensasjonssøknad  
Situasjonsplan  
Teikningar

## Kopi til:

Kjerstin Toska	4056	TANANGER
----------------	------	----------

## Mottakarar:

Elisabeth Magdalena Toska	Slupparmen 6	4056	TANANGER
---------------------------	--------------	------	----------